



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
15/222188-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.11.2015

### Uttale – Dispensasjon frå kommuneplan – Frådeling – Gnr. 48 bnr. 1 – Solend søndre – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 29. oktober 2015.

#### Kva saka gjeld:


Det er søkt om deling av grunneigedom Solend søndre, gnr. 48 bnr. 1 i Radøy kommune. Parsellen ligg som område til framtidig område for erverv / industri med plankrav for tiltak etter plan- og bygningslova jf. kommunedelplan (KDP) for Manger. Vidare grenser tomta til eit regulert nærings- og industriområde. Parsellen er elles ubygd.

I brevet frå kommunen vert det argumentert med at det ikkje er avgjerande for ei framtidig reguleringsplan kven som eig området, og at det er viktig for kjøpar og seljar av området at eigedomstilhøva er avklart før ein går inn i ein reguleringsplanprosess.

Det er vidare opplyst at tomta ikkje har godkjent avkøyrsl til offentleg veg, og at kommunen heller ikkje er kjent med at det er søkt om slik avkøyrsl.

#### Tekniske opplysningar:

Tomta ligg i tilknytning til Fv. 409 Radøyvegen. På gjeldande strekning er fartsgrensa 50 km/t og ÅDT er 3300. Parsellen er vurdert til Haldningsklasse 2 (streng) jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*».



### Vurdering:

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker.

Det er eit krav i PBL § 27-4 at avkøyrsl frå offentleg veg må vere godkjent av vedkomande vegstyresmakt før deling av eigedom til utbygging.

Vegstrekningen er vurdert til Haldningsklasse 2. jf. «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)». Dette vil mellom anna seie at vegen er ein viktig hovudveg og at talet på avkøyrslar må vere svært avgrensa. Parsellen ligg mellom to avkøyrslar, ein privat og ein kommunal.

Like vest for parsellen er det regulert fylkesvegen til kommunal veg til Solendmyra. Statens vegvesen meiner at denne vegen må nyttast som avkøyrsl for parsellen, og at det ikkje kan påreknast løyve til direkte avkøyrsl til Fv. 409.

Sørlege deler av tomte er elles regulert gjennom «Fv 565 Parsell Tolleshaug - Soltveit, med arm til Manger». Det er i denne planen ikkje synt avkøyrsl til tomte.

### Konklusjon:

Før det vert gjeve delingsløyve må tomte ha avkøyrsl til offentleg veg som er godkjent av vedkomande vegmynde jf. PBL § 27-4. Med bakgrunn i m.a. at tal på avkøyrslar til Fv. 409 skal vere svært avgrensa meiner Statens vegvesen at det ikkje kan påreknast direkte avkøyrsl til fylkesveg i dette tilfellet.

Statens vegvesen ber om å få kommunen sitt vedtak sendt over for eventuell klagevurdering.

Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*